

**Sakshandsamar:**Einar Ulla  
E-post: [einar.ulla@sfj.no](mailto:einar.ulla@sfj.no)  
Tlf.: 57638051**Vår ref.**Sak nr.: 19/712-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 04.02.2019

SF revisjon IKS

**Kjøp av finansiell revisjon og eigarskapskontroll 2019**

Sogn og Fjordane fylkeskommune bestiller finansiell revisjon og selskapskontroll i 2019 av SF revisjon IKS ifølgje vedtak i KU-sak 9/19 etter følgjande oppsett:

**Finansiell revisjon og selskapskontroll****kr. 1 678 319**

Den finansielle revisjonen inneheld mellom anna arbeid med revisjon av årsrekneskap for 2018 og 2019, som vert utført i 2019. I tillegg omfattar finansiell revisjon attestasjonsoppdrag, rådgjeving og oppdragsansvarleg revisor sitt oppmøte i dei forskjellige politiske fora.

Konkret bestilling av selskapskontroll vil kontrollutvalet kome med seinare. Kostnaden ved selskapskontroll er medrekna i summen på kr. 1 678 319.

**Rapportering:**

Kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at fylkeskommunen sin rekneskap vert revidert på ein trygg måte. Oppdragsansvarleg revisor blir bedt om å presentere revisjonsplanen for kontrollutvalet i kontrollutvalsmøte tidleg på hausten året før revisjonsåret, og rapportere status for arbeidet i høve til planen på kontrollutvalsmøte i april og august. Utover dette kan kontrollutvalet be om status for arbeidet ved behov.

Revisor skal orientere kontrollutvalet v/kontrollsjef om vedteke budsjett for SF revisjon IKS straks dette er vedteke av representantskapet.

**Fakturering:**

I følgje selskapsavtalen til SF revisjon IKS vert finansiell revisjon fakturert akonto 2 gonger pr. år jf. budsjett, som er likt med bestilling. Endeleg avrekning vert utført ved slutten av året. Selskapskontroll er for 2019 med i akonto-faktureringa.

Med helsing

Einar Ulla  
kontrollsjef*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*Mottakar (ar)

SF revisjon IKS – Marianne Vara